
Fra: Sissel Smørddal <rysta@hotmail.com>
Sendt: 30. april 2014 00:03
Til: Siril Sylta
Kopi: steinarsovik@gmail.com; Stig Morten Kjølraug; Norvald Gjellestad
Emne: Hilland

Hei igjen Siril,

No er det straks mai og det er eit halvt år sidan fyrste gongen eg kontakta Lindås Kommune vedr. feltet på Hilland og utfordringane med bustadbygginga her. Eg har sendt fleire brev, men ikkje motteke noko svar på nokon av desse.

Vi i vårt Sameie 4 Vardar slit med "produktet" som er levert av Plett AS/Arkiton AS. Vi har pådrege oss vesentlege kostnader gjennom advokatbistand fordi vi er usikre på situasjonen vår då utbyggjar viser seg å være svært useriøs.

Kommunen har hatt gjennomgang og vi ser at referat som er skreve frå denne gjennomgangen no fører til aksjoner. Vi ser også at utbyggjar **heller ikkje no** opererer etter føringer som er gjeve. Kva gjer de med dette? Det har vore arbeid her på alle døgnets tider for å leggje til rette for at ein ferdigattest skal bli skreve (på hus 17-21). Vi har fulgt nøye med dette så godt det er mulig, men sidan registrering av postlista til kommunen ligg svært langt etter er vi ikkje oppdatert. Vi har likevel høyrte (og sett flyttelass kome) at hus 17-21 skal flytte inn i morgon 30.04.2014. Kan de bekrefte/avkreftte dette?

Vi vonar at de fylgjer opp slik de har skreve i referatet. Har utbyggjar gitt tilbakemelding på referatet slik de bad dei gjere snarast? Har det kome igangsettingssøknad på arbeidet (som er gjort)?

Vi ser at det er søkt dispensasjon (15.04.2014) om veg og byggelinje frå Arkiton AS. I vedlagte kart i den søknaden ser vi at det er gjort fleire endringar på dette enn det er søkt om og kommunen har godkjent at nabovarsel ikkje trengs. Vi ynskjer at de er merksame på at gangveg mellom hus 21 og 22 er endra frå trappeløysing med sidemurar til ein veg i skråning (ikkje etter plan). I tillegg er område for boss og post PS3 endra. Er dette søkt om? Og utan nabovarsel? Arbeidet er utført i dag! Eg legg ved foto!

Sender også ei bekymringsmelding i forhold til den øverste muren som er kome bak hus 17-21. Denne er plassert oppå pukk og har ingen forankring i grunnen. Kva skjer med denne over tid? Legg ved foto som viser tversnitt i enden. Veit at det er lagt mørtel i bakkant før tilbakefylling, men det er ikkje armeringsjern som bind dette saman. Reknar med de har sett dette, møtte ein Lindås Kommune bil i morges og eg veit de har vore her ved fleire høve.

Kva er status no? Slik vi ser det så er ikkje arbeidet ferdigstilt på nokon måte.

Her er noko av det som gjenstår og som er bekrefta at var på plass då midlertidig innflyttingsløyve vart søkt om og gjeve for våre hus (22-25) i fjor på same tid:

-garasjeplassar i P4

-gangvegar er ikkje asfalterte.

-PS2 ikkje opparbeidd (sjå oppdatert bilde teke i dag)

-Parkeringsområde/gjesteparkering for 22-25.

-Hus 25 er ikkje 3-roms, men 5-roms og utan godkjenning, samt mangler sportsbod.

Vi har advokat på saka opp mot utbyggjar. Feil og manglar vi meldte fra om ved overtagelsen vår er ikkje retta. Vi har ikkje motteke noko svar frå utbyggjar på henvendelser og har sendt varsel om vidare prosess. Vi vonar at kommunen følgjer opp og held seg til reglar og retningslinjer i byggjesaka. Dersom utbyggjar får overlevere hus 17-21 utan ferdigstilling slik det er krevd, vil alle i feltet slite med uferdig /feil produkt. Det er utruleg trist å få påført ekstra kostnader for å få bustadane våre ferdigstilte slik vi har blitt tilbydt og allereie har betalt for.

Vi venter spent på resultat av ny innmåling og høgdeplassing. Her bygges det veg etter augemål og avstandar "skrittast opp". I tillegg vil vi følge med på saka vedr. del av hus bakom oss som har store setningar. Reknar med at kommunen kjenner til dette.

Vi treng ikkje hurtig svar på alt dette, men vi treng ei stadfesting av kva tiltak kommunen gjer i denne saka. Denne håpar vi at de kan gje oss snarast.

Med helsing
Sissel Smørdal
på vegne av
Sameie 4 Vardar.

- © 2014 Microsoft
- [Betingelser](#)
- [Personvern og informasjonskapsler](#)
- [Utviklere](#)
- [Norsk](#)